

Utlevering av opplysningar underlagde teieplikta

Statens helsetilsyn får årleg svært mange førespurnader frå arbeidsgivarar, vikarbyrå og andre om autorisasjonsstatus for helsepersonell, med ønske om informasjon om eventuelle tidlegare tilsynssaker mot helsepersonellet.

I 2008 fekk vi 432 slike førespurnader. I dei fleste tilfella har vi ingen sak i Statens helsetilsyn mot helsepersonellet. Dette utelukkar likevel ikkje at Helsetilsynet i fylket kan ha hatt tilsynsoppfølging av vedkomande.

Kva kan leverast ut?

I dei tilfella der det har vore ei tilsynssak mot helsepersonellet, er spørsmålet kva informasjon Statens helsetilsyn kan gi til arbeidsgivarar og vikarbyrå. Utgangspunktet er at Statens helsetilsyn pliktar å gi innsyn i alle dokument etter offentleglova. Opplysningane om at det tidlegare har vore ei tilsynssak, og utfallet av denne, er opplysningar som alltid blir utleverte.

Der dokumentet inneheld opplysningar om personlege forhold, avgrensar teieplikta kva Statens helsetilsyn kan levere frå seg. Kva ein ser som personlege forhold, må avgjerast konkret i kvar enkelt sak, men opplysningar om til dømes sjukdom, rus eller seksuell legning skal ein alltid sjå på som personlege forhold. Opplysningar om grov mangel på fagleg innsikt, uforsvarleg verksemd og straffbare forhold gjorde i tenesta, ligg som hovudregel ikkje under teieplikta.